



Arven

Nr. 2 - mars 2009

Kyrkjelydsblad for Hjartdal, Sauland og Tuddal sokn

Frå dei årlege kyrkjelydsmøta i kvart sokn - Hjartdal, Sauland og Tuddal

Kyrkjelova fastset at det skal vere årlege kyrkjelydsmøte, ofte kalla årsmøte, i kvart sokn over heile landet. På møta i vårt prestegjeld blir det gitt ei kort oversikt frå soknerådet sitt arbeid og frå anna verksemd i kyrkjelydane. Det er høve også for andre å ta opp saker på møtet.

Kyrkjelydsmøtet i Hjartdal

Møtet var i kyrkja etter messa søndag kveld, 15. februar, med kyrkjekaffe først. Soknerådsleiar Brit Ingjerd Hjartsjø las soknerådets melding om kyrkjelydsarbeidet i 2008. Der var orientering om rekneskap, konfirmantarbeidet, søndagsskulen, "Finbekk" og misjonsforeningane. Det kom elles fram spørsmål rundt bygginga av våpenhus, som nå er godkjend.

Kyrkjelydsmøtet i Tuddal

Etter gudstenesten 15. februar var det kyrkjekaffe og kyrkjelydsmøte i skulen. Oversikt over virksomhet og økonomi blei lagt fram, som m. a.

syner at lagerrom og toalett er ferdigstilt, og det er skaffa puter i kyrkjebenkane. Parkeringsproblem når mange kjem med bil, og særleg når ukjende kjem, blei drøfta. I dag har soknerådet avtale med kyrkjevevje om at det då skal settast opp tydeleg skilt i vegrysset som viser til parkering på skulen. Det blei også halde fram at det bør bli klokkar i kyrkja att, særleg avdi det i framtida kan bli oftare bytte av prest. - På møtet blei også helsingar, takk og blomster delt ut.

Kyrkjelydsmøtet i Sauland

Etter gudstenesten søndag 22. februar var det kyrkjekaffe og kyrkjelydsmøte i menighetshuset. Det vart orientert om virke og økonomi på ulike felt. Det blei også her snakk om ny valordning for soknerådval til hausten. Kyrkjejubiléet, ny messehakel, klokkeordning, og endring i satutter for menighetshuset vart behandla. - På møtet blei også helsingar, takk og blomster delt ut.

Tekst/ foto: BK



Søndag 15. februar, frå årets kyrkjelydsmøte i Hjartdal sokn. Soknerådsleiar Brit Ingjerd Hjartsjø.

Søndag 22. februar, frå årets kyrkjelydsmøte i Sauland sokn. Soknerådsleiar David Mundal.



Søndag 15. februar, frå årets kyrkjelydsmøte i Tuddal sokn. Sekretær Marit Øya legg fram soknerådets melding om kyrkjelydsarbeidet i 2008.

Arven

ønsker lesarane ei god og velsigna påskehøgtid!

Oppussing før 150-årsjubiléet Sauland kyrkje vert stengd i høve målararbeidet

Kyrkja skal målast innvendig i vår. Det kom to anbod på arbeidet. Firmaet som fekk oppdraget starter i mars, og kyrkja vart i dette høve stengd frå 18. mars. Arbeidet skal vere ferdig 26 juni.

Kyrkja kan brukast ved konfirmasjon 3. mai. Elles vert Sauland menighetshus bruka til gudstenester, dåp, nattverd, gravferd og vigsel. Det blir også høve til å bruke kyrkjene i Tuddal og Hjartdal. BK

Hjartdalskoret skipar til utlodning Sauland menighetshus treng nytt piano

I lengre tid har pianoet på Sauland menighetshus skranta. For å finne det mest tenlege - kjøpe nytt eller reparere - har husstyret søkt råd hjå Aspheim pianosenter, som seier at full overhaling vil koste ca. kr. 50 000. Ei enklare kostar ca. kr. 25 000, og held kanskje i ti år. Nytt piano koster kr. 35 - 60 000 (type, storleik og merke avgjer prisen). Husstyret har da vedteke å kjøpe nytt.

Menighetshuset er nyttig for bygda - til kulturkveldar, møter, minnesamvær, konfirmantundervisning, søndagsskule. Hjartdalskoret har fast øvingsplass der, og vil skipa til utlodning til støtte for kjøp av nytt piano, med trekning på bygdedagen i september. Loddbøker blir lagt ut på banken o.a. stader. Vi har fått gevinstar frå lag, foreningar, privatpersonar, kulturkontoret og kormedlemene, men tek imot fleire med takk!

Vi vonar mange vil stø med å kjøpe lodd for nytt piano til glede for oss alle.

Hjartdalskoret v/ Aslaug Mosebø, leiar

Sendar/ returadr.:

B-post
Sokneprestkontoret, 3692 SAULAND



Den norske kyrkja,
Hjørtal prestegjeld,
Hjørtal, Sauland
og Tuddal sokn

Kyrkjelydsbladet *Arven*

Utgjevar: Sokneråda i Hjørtal, Sauland og Tuddal. Sokneråda vel kvart 4. år eit styre for bladet.
Redaktør:

Sokneprest Bjarne Kleivane, Prestekontoret, 3692 Sauland, Tlf. 350 23009/ fax: 350 23066 kleivane@hjørtal.online.no

Redaksjonsmedarb./layout:

Frøydis Hagene Skoje, 3692 Sauland, tlf. 350 23011

Abonnement: Bladet sendast gratis til husstandane i kommunen. Bladet drivast ved friviljuge gåver. Ein kan få bladet tilsendt også utanfor kommunen.

Arvens bankkonto:

2699.50.38454

Hjørtal og Gransh. Sparebank

Etablert: 1949

Opplag: 1000 stk.

Trykk: Teledølens trykkeri

Neste nr. av Arven:
Mai 2009

Stoff må vere innkome før 25.april

Hjørtal prestegjeld Tilsette

Prestekontoret:

Sokneprest Bjarne Kleivane
Prestekontoret, 3692 Sauland
tlf. 350 23009/ fax: 350 23066
kleivane@hjørtal.online.no

Hjørtal kyrkjelege fellestråd:

Kyrkjeverje Arild Bjørnstad
Kommunehuset, 3692 Sauland
tlf. kontor: 350 28024

priv: 350 14205, mob: 996 22 352

Sekretær Kjetil Frøland

tlf. kontor: 350 28025

priv: 350 23014, mob: 992 74 012

Kyrkjetenar Gunvald Tho

tlf. 350 24777, mob: 901 24 777

Kyrkjetenar Jon Bekkhus

mobiltlf.: 900 24 927

Handverkar Gunnar Lofthus

tlf. 350 24877, mob: 905 01 875

Organist Knut Arne Snøås

priv: 350 99292 mob.: 909 31 353

Soknediakon (Hjørtal - Heddal)

Roar-Magnus Helganger

Kontor i Sauland: Kommunehuset

Tlf. kontor Sauland: 350 28025

kontor Heddal: 350 20400

priv: 350 10840, mob: 404 13 742

Valde kyrkjelege råd (2006-2009)

Hjørtal kyrkjelege fellestråd:

Leiar 2009: David Mundal

Soknerådsleiarar 2009:

Hjørtal: Brit Ingjerd Hjartstjø

Sauland: David Mundal

Tuddal: Solveig Stuvrud

Påskeandakt

- *Alt måtte oppfylles*

Kort og overfladisk- eller grundig og overbevisende? Julebudskapet kjenner de fleste - men hva med påskebudskapet? **Herren er virkelig oppstått!** Hvordan takler jeg et slikt budskap, eller møtet med Den oppstandne? Hvordan møter Han frustrerte, redde og vantro venner og kjente?

Ingen grundig helsesjekk etter langfredags umenneskelige og dødelige behandling legges fram.

Lite fokus på sårene både i hender og side. Han møter oss med: Fred!

Han som skapte alt, er den samme som skaper evig fred og nytt livsfellesskap med Gud. Oppstandelsesmannen henviser til Guds talte, overleverte og nedskrevne ord og løfter.

Alt måtte oppfylles. Alt ble oppfylt. Gud fremstår som ytterst troverdig. Han talte, og det skjedde. Han bød, og

det sto der. Jødene kunne se alle Skriftenes Messias tegn oppfylt. For oss ikke-jøder (hedninger) spørres det om visdom og fornuft. Til slutt blir det bare gleden over fredsslutningen og livsfellesskapet som står i fokus. Alt ble oppfylt, tro det den som vil. Siden Guds evige og detaljerte frelseplan er så overbevisende gjennomført, gjenstår det bare å ----- takke, akseptere, og dele. Du slipper å forklare hvordan Jesus, Guds utvalgte offerlam, kunne komme gjennom døden med livet i behold. Du kan rett og slett bare henvise til at: **Det skjedde** - i følge skriftene for at alt skulle oppfylles. Han blir synlig, nær og kjent når brødet brytes.

Kom, jøder og hedninger!

Feir påske, for alt er ferdig!

Misjonssekretær Morten Kravik,
Den norske Israelsmisjon

Påskehelsing frå soknepresten

-*Korleis blir påska i år?*

Det er vel vérlaget ein fort tenker på ved eit slikt spørsmål. Særleg for dei som tenker seg til fjells. Veret blir sikkert slikt at det går an å komme til kyrkja i påska. Det er gudstenester både om føremiddag og om kvelden. Så gjeld det å legge opp "løypa" etter som ein ser kva er viktig i påska.

Til påskehelsing tar eg med denne salma av Knut Buen.

Velsigna påskehøgtid!

Påskesalme

Sjå sola dansar for den som trur for Jesus levande er.

Det er i oss at den gleda bur som røyner underet her.

No reiser natta med sorg og tvil og ljuset aukar med våre smil til livet gråtande, lær.

Ja, påskebodet og solesnu er kraft av truande sans.

Og den som kjenner seg lyft er du som skodar sola i dans!

For komen upp over tvang og kval du ser kor fager han er din dal når Gud har gjeve han glans.

Så Gud velsigne vår draumehei der himmeltankane tel.

Med takk ver helsa den ljose lei som vil oss alle så vel.

Den siger Kristus i døden vann den tener alle som trur på han som sol i syner og sjel.

Knut Buen

Konfirmantar våren 2009

Hjørtal kyrkje, sønd. 26. april

Kristina Løkslid Langåsdalen

Linn Kristin Langåsdalen

Anne-Karin Slåtta

Camilla Særsland

Jon Inge Flatland

Jonas Kristensen Kimerud

Sauland kyrkje, sønd. 3. mai

Guro Haugetuft Sletta

Daniel Brubakken

Andreas Kåsa Engravslia

Geir Lofthus

Tor Kaufmann Gjerde

Tuddal kyrkje, sønd. 10. mai

Marit Elise Bekkhus

Trine Bakka Hagen

Hans-Tore Flugon,

Jan-Tore Sletta Lid

Ole Øystein Aasen

Soknepresten

50-årskonfirmantar i 2009

Konfirmerte 18.10.1959, Sauland

Gjermund Tømmermo, Olav Landsverk, Arnfinn Finnebråten, Alf Kåre

Heia, Johannes Rohølhaugen, Torbjørg Øyen, Ingebjørg Brubakken,

Gerd Gulliksen, Asta Rønningen.

Konfirmerte 1.11.1959, Hjørtal

Mathis Flatland, Sverre Ambjørndalen, Inger Marie Kaldal, Inger Marie

Dale, Gudrun Brendøymoen, Torgun

Øverbø.

Konfirmerte 4. 10. 1959, Tuddal

Toralf Sletta, Hans Tveiten, Halvor

Kasin, Gunleik Bondal, Aslaug

Bøen, Tone Asland, Ågot Johanne

Hagavik.

Soknepresten

Val på nye sokneråd i sept. 2009**-Vert DU spurt?
Og svaret?****Soknerådsvalet og førebuingar**

Val på sokneråd skjer kvart 4. år over heile landet, neste gong 14. sept. 2009, samtidig med stortingsvalet. Dei nye sokneråda skal nå likevel sitte i berre 2 år, slik at ein kan få neste soknerådsvalet samtidig med kommunevalet i 2011.

Lokalt har dei tre sokneråda i gang nominasjonskomitéar, som skal spørje personar om å stå på valliste. Dei som forrest opp må vere fylt 18 år i 2009, tilhøyre Den norske kyrkja, og bu i soknet. For å stemme er aldersgrensa 15 år.

Til kvart sokneråd skal veljast 6 personar, og minst 5 vararepresentantar, altså min. 11 personar på ei valliste. Ved valet kan ein kan føye til, stryke, endre rekkefølge, og kumulere namna.

Om du vert spurt om å stå på lista, kva svarer du då? Det går også an å seie frå til ein i soknerådet eller valkomitèen at ein er interessert!

Oppgåvene til soknerådet

Soknerådet er "styre" for den lokale kyrkjelyden, med oppgåver fastsett i kyrkjelova. Saman med prest, andre tilsette og ulønna medarbeidarar skal rådet ivareta kyrkjens hovudoppdrag: "...Å vekke og nære det kristelege livet i soknet." Del av dette er å bidra til at Guds ord vert forkynt, og til trusopplæring for dei døypte. Andre arbeidsområde er knytta til kyrkjemusikk, diakoni, gudstenestliv, kyrkjelydsbyggjande verksemd, barne- og ungdomsarbeid, tilrettelegging for friviljug arbeid, og fokus på forbruk, miljø og rettferd. Vidare fastset rådet kva kyrkjeofringane skal gå til, medverker ved tilsetjing av prest, prost og biskop, og vedtar bruk/ utleige av kyrkja.

Frå kvart sokneråd skal to personar vere med i det kyrkjelege fellestrådet.

Oppgåvene til kyrkjeleg fellestråd

Fellestrådet (Hjartdal kyrkjelege fellestråd) har kyrkjeverje som tilsett administrativ leiar, og er arbeidsgjevar for dei tilsette utanom pressten. Rådet har ansvar for ein del fellesoppgåver for sokna - som drift og vedlikehald av kyrkjer og kyrkjegardar, forvaltning av budsjettmidlar frå kommune og stat o.a.

Val -bispedømeråd, kyrkjemøte Meir om prøveordning her seinare.
BK/ FHS

**Konsert i Tuddal kyrkje,
palmesundag 5. april kl. 19***"Som sol
i syner og sjel"***Knut Buen
Knut Arne Snøås**

Bill.: kr. 150, arr.:Tuddal sokneråd

Sommarleirar

Også i år er det mange tilbod om kristne leirar. Arven kjem med oversyn over ein del av desse i neste utgåve av bladet.

Gåver til messehaker

Til Sauland kyrkje. *Takk for gåver 1.02-18.03.2009*: Sauland misjonsforening 500. Arven 5000. Reidun K. Skoje 500. Torstein Svalestuen 200. Signe Solli 200. Karin og Torkel Flatland 500. Johans Myrbøen 200. Sigrid og Knut Bekkhus 500. J. og O. Mundal 500. Liv Kirsten Tinnes 200. Thomas Harald Timland 200. Tone og Øyvind Fosse 200. Hildegunn og Audun Solberg 200. Erling Gaaserud 200. Kjetil Frøland 500. Inger og Kjetil Hjartsjø 100. Ragnhild Gjerjordet 500. Anne Dahl 500. Ingebjørg og Hans Bøe 300. Astrid Kleppe 100. Signe Skårdal 100. Svein Erik Sletta 500. Gunhild og Eilef Deilkås 200.

Sauland sokneråd

Rekneskap for Arven 2008 (samandrag)

I bank 1.1.2008	kr. 94 860,41	
Gaver til drifta av bladet	kr. 56 000,00	
Renter	kr. 4 059,28	
Trykking		kr. 22 670,00
Porto		kr. 15 666,68
Andre utgifter		kr. 6 997,50
Gave*		kr. 5 000,00
I bank 31.12.2008		kr. 104 585,51
	kr. 154 919,69	kr. 154 919,69

* til messehaker, Sauland kyrkjens 150-årsjubileum

Sauland, 20.1.2009	Gjennomgått og funne i orden.
Kjetil Frøland	Sauland, 24.1.2009
	Torstein Svalestuen

**Innsamling til KN,
tysdag 31. mars****Ta vel imot
konfirmantane**

Tysdag 31. mars er konfirmantar, føresette og andre med på husstandsinnsamling, i regi av sokneråda, til inntekt for arbeidet til Kirkens Nødhjelp.

Håper det går like bra som i fjor!

Soknepresten

Slekters gang**Døypte****Hjartdal**

1/3: Tobias Hovde Haugen

Tuddal

15/3: Ingar Sletta Tråer

Vigde**Hjartdal**14/3: Hilde Dahl
og Helge Hovedjord**Tuddal**7/3: Lena Grimsrud Larsen
og Glenn Robert Aarrestad
(busett i Oslo)**Gravlagde****Sauland**2/12: Olav Havrås f. 1925
(busett i Notodden)
30/1: Olav Tinnes-Mork f. 1926
17/3: Aslaug Kleppen f. 1926**Tuddal**11/12: Aslaug G. Våle f. 1916
3/1: Ingrid Frømyr f. 1908
(busett i Notodden)
13/2: Helga H. Sletta f. 1920
3/3: Arne Ingolfsrud f. 1928
(gravlagd i Flåbygd)**Gåver til Arven**

(14.10.-24.11.2008. *Gåver etter dette kjem av plassomsyn seinare*): Jan Kåre Finkenhagen 200. Gunvor og Harald Løkklid 200. Randi Marie Funner 200. Anne Karin Funner 200. Gunhild og Eilef Deilkås 200. Liv og Olav Tinnes-Mork 200. Mari Lid 200. Helga Tho 500. Ingebjørg og Halvard Haugan 200. Aud og Jan Aasdalen 200. Sud-Gvåle 300. 2699.60.66133 300. Gro og Hans Tråer 200. 2699.25.11760 200. Oddvar Skårdal 200. Torbjørg og Olav Hagen 200. Margit O.Rue 300. H. og M. Midtbøen 300. Bergit Våle 200. Ingebjørg Landsverk 150. Solfrid Småkasin 100. Olav Mundal 200. Håvard Kaasa 400. Marit og Olav Asland 200. Ole Ivar Frømyr 200. Margit G. Frøland 200. Ingebjørg Margrete og Magne Hagen 200. H.Reisjå 300. Ingebjørg og Hans Bøe 200. A og L.H. Langåsdalen 200. Klara Kleiva 100. Gunlaug og Torkjel Bekkhus 200. Reidar S. Tveiten 200.

Takk for gåvene! Red.
Arven gavekonto nr.: 2699.50.38454



Gudstenester

29. mars – 5. søndag i faste

1. Mosebok kap. 22, 1-13

- Gud set Abraham på prøve –

Sauland menighetshus kl. 19:

Fastegudsteneste. Skriftemål.

5. april – Palmesøndag

Johannes kap. 12, 1-13

- Jesus vert salva i Betania –

Bondal skule kl. 11:

Gudsteneste. Kollekt til Kamerun-

prosjektet i Tuddal (NMS, Det

norske misjonsselskap).

Onsdag 8. april

Hjartdal sjukeheim kl. 16.30:

Gudsteneste. Nattverd

9. april - Skjærtorsdag

Matteus kap. 26, 17-29

- Dette er min lekam -

Sauland menighetshus kl. 11:

Gudsteneste v/ vikarprest Halvard

Jørgensen. Nattverd. Kollekt til Blå

Kors

Hjartdal kyrkje kl. 19:

Gudsteneste v/ vikarprest Halvard

Jørgensen. Nattverd.

10. april – Langfredag

Matteus kap. 26, 30-27,50

- Min Gud, min Gud,

kvifor har du ... -

Tuddal kyrkje kl. 11:

Gudsteneste v/ vikarprest Geir

Flatin. Nattverd. Kollekt til

Kirkens Nødhjelp.

Søndag 12. april – Påskedag

Matteus kap. 28, 1-8

- Han er oppstaden, som han sa. -

Hjartdal kyrkje kl. 11:

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

NMS, Det norske misjonsselskap.

Tuddal kl. 19:

Gudsteneste. Takkoffer til NMS

(Det norske misjonsselskap)/

Kamerunprosjektet i Tuddal

Mandag 13. april - 2. påskedag

Lukas kap. 24,13-35

- Herren er sanneleg oppstaden -

Sauland menighetshus kl. 11:

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til

NMS (Det norske misjonsselskap)

19. april – 1. søndag e. påske

Johannes kap. 20, 19- 31

- Fred vere med dykk -

Tuddal kyrkje kl. 19:

Ungdomsgudsteneste for alle

aldrar. Konfirmantane frå heile

prestegjeldet tar del.

26. april – 2. søndag e. påske

Johannes kap. 10, 11-16

- Eg er den gode hyrdingen –

Hjartdal kyrkje kl.11:

Gudsteneste med konfirmasjon.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet og

”Finbekk”.

3. mai – 3. søndag e. påske

Johannes kap. 16, 16-22

- ...,men eg skal sjå dykk att. -

Sauland kyrkje kl. 11:

Gudsteneste med konfirmasjon.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet/

ny messehakel til kyrkjejubiléet

10. mai – 4. søndag e. påske

Johannes kap. 16, 5-15

- Det er til gangn for dykk -

Tuddal kyrkje kl. 11:

Gudsteneste med konfirmasjon.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

17. mai – 5. søndag e. påske

Lukas kap. 1,50-53/

Jeremia kap. 26,11-14

- Når de søkjer meg

skal de finna meg -

Hjartdal kyrkje kl. 10:

Gudsteneste. Takkoffer til Kirkens

Nødhjelp.

Sauland menighetshus kl.11.30:

Gudsteneste. Takkoffer til

Amnesty International.

Tuddal kyrkje kl. 15:

Gudsteneste. Takkoffer til

Amnesty International.

21. mai – Helgetorsdag

(Kristi himmelfartsdag)

Lukas kap. 24, 46-53

- Då fall dei på kne og tilbad han -

Tuddal kyrkje kl. 11:

Gudsteneste og prestegjelds-

stemne. Utsending frå NMS (Det

norske misjonsselskap), diakon/

misjonær Sigrun Volden.

Hjartdalskoret. Nattverd. Takkoffer

til NMS. - Samvær i Tuddal

menighetshus etter messa.

24. mai – 6. søndag e. påske

Johannes kap. 15, 26-16,4a

- Når talsmannen kjem –

Ikkje gudsteneste her i prestegjeldet.

Vel møtt til gudsteneste!

Hjartdal misjonshus

Fredag 24. april kl. 19: Fest

Tys. 5.mai, 19.mai, 2.juni: Møte.

Fellesmøteveka: Sjå eiga annonse

Bønesamlingar i Sauland

Fellestiltak, pinsemenigheten Sion og

Den norske kyrkja i Sauland sokn.

Ons.15.april: Sion kl.20

Ons.29.april: Sauland men.hus kl 20

Ons.13.mai: Sion kl.20

Ons.27.mai: Sauland men.hus kl 20

Normisjons venner, Hjartdal

Kontaktperson: Bjørg Aamaas

30.mars: Hos Helga Tho kl 19.30

4.mai:Hos Gunlaug Lofthus kl 19.30

Hjartdal kvinnemisjonslag (NMS-Det norske misjonsselskap)

Kontaktperson: Helga Tho. Møte

kl. 11 kvar første torsdag i månaden.

Hjartdal søndagsskule

Leiarar: Hanne Lofthus, Venke Åsland

4. april: Påskeverkstad, kl 11-13.

19.april: I lavvoen, oppmøte der kl 11

10.mai: Sommaravslutning

Sauland søndagsskule

Leiarar: Inger Berit Mundal, Mona

Gundersen, Aud Kleivane

19.april: Søndagsskule kl. 10.30

10.mai: Sommaravslutning

Sauland misjonsforening (NMS-Det norske misjonsselskap)

Leiar: Aud Kleivane

Tysd. 31.mars kl. 17.30:

Møte i Sauland menighetshus

Tysd. 5.mai kl. 18.30:

Møte i Sauland menighetshus

Tors. 21 mai, Kristi himmelfarts-

dag, kl. 11:

Prestegjeldstemne i Tuddal

Takk for gaver

Diakonifondet, kontonr.: 2699 11
33363. Hjartdal prestegjeld sin del av
løn for soknediakon og diakonalt
arbeid, 1.2 - 18.3.2009: Anonym 500.
Anonym 200. Gunhild Hartmann 500.
Anonym 500. Anonym 200.

Sokneråda

Lei av jo-jo-priser
på forsikring?

Stabile priser
får du
i lokalbanken



HJARTDAL OG GRANSHERAD
sparebank

Tlf.: 35 02 84 00

www.hjartdalbanken.no